

NotatDato: 26.10.2017
Arkivsak: 2017/15605-4
Saksbehandlar: Iarbirik

Til: Tale Halsør

Frå: Lars Øyvind Birkenes, David Aasen Sandved

Høyring - Hardanger Energi AS - søknad om løyve til å byggje Folkedal II kraftverk - Granvin herad - Fråsegn om kulturminne

Viser til brev av 15.09.2017 med søknad om løyve til bygging av Folkedal II kraftverk, inklusive koplingsanlegg og kraftline, samt overføring av vatn frå Kvanndalselva gjennom ein 2 km lang tunnel.

Kulturminne og kulturmiljø

Det går fram av konsesjonssøknaden at det ikkje er kjende automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor tiltaksområda som vert direkte råka av tiltaket. Det er også, som nemnt i søknaden, kjent ein del funn av automatisk freda kulturminne frå garden Folkedal. Ingen av dei faste freda kulturminna eksisterer i dag, sett bort frå vegfara frå Folkedal til Helgastøl, id. 130200, og frå Helgastøl til Mikkjelstøl, id. 142952. Begge er del av same vegfaret, «Saltvegen», mellom Folkedal og Voss, eller i alle høve ei av dei ferdslrutene ein nytta mellom Folkedal og Voss. I samband med Folkedal kraftverk har ein tidlegare fått dispensasjon frå kulturminnelova til å kryssa det freda vegfaret frå Folkedal til Helgastøl, id. 130200, to stader med anleggsveg til Svortetjørn. Som det også er vist til i konsesjonssøknaden, så skal det takast omsyn til desse vegfara dersom det vert trong for nye anleggsveggar i området ved Svortetjørn. Det er også ei samling med kolgroper oppe i lia aust for tiltaksområdet, id. 105841. I tillegg er det også ein stor naturleg haug nær tunet på bnr. 2, «Snolthaug» der kjempa Snolt etter tradisjonen skal vera gravlagd. Elles råkar utbygginga ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Ut frå arkivmateriale og flyfoto, samt tidlegare befarig av området, er potensiale for funn lite.

Vurdering og tilråding

Søknaden gjev ei god skildring av konsekvensane dei planlagte tiltaka vil ha for kulturminne. Det vert ikkje stilt krav om arkeologisk registrering då potensiale for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som sers lågt. Utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte, og vil i mindre grad få visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø. Redusert vassføring kan til ei viss grad forringa opplevinga av kulturmiljø og –landskap, så vassføringa i elvene bør oppretthaldast i størst mogleg grad.

Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde. Eventuelle endringar med omsyn til anleggsveggar, riggplassar og deponiområde skal sendast Fylkeskonservatoren for vurdering.

Konklusjon

Utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte. Utbygginga vil ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Det vil ikkje verta stilt krav om arkeologisk registrering i samband med ei eventuell utbygging.

Framlegg til innstilling

1. For å ta vare på opplevinga av kulturmiljø og -landskap vil Hordaland fylkeskommune tilrå at vassføringa i elvene vert oppretthaldt i størst mogleg grad.